



Møtebok for Teknisk utval

Møtedato: 13.08.2015
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 16:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
John Torsvik	H	Utvalsleiar
Ragnvald Tangedal	AP	Nestleiar
Lillian Andvik	Krf	Medlem
Willy Borge	Frp	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ottar Myrtveit, viltansvarleg, som og førte møteboka, og ass. rådmann Sveinung Toft

Bakgrunnen for ekstra møte i utvalet var at det har kome klage frå leiar av vald Fagerdalen/Kringlebotnen på vedtak gjort av TU den 28.05.2015. Dersom klagen vert tatt til fylgje var det ynskjeleg å avklare saka før jakta startar i år.

Jordskiftedom for valdet var kjent for Masfjorden kommune i 2014 og såleis burde denne vore tatt omsyn til ved tildelingar av løyve for 2015.

Sakliste

Saknr	Tittel	
006/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 02
007/2015	Klage på vedtak i TU 28.05.2015 - Fagerdalen/Kringlebotnen	s. 03

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Gerd Allis Håheim		15/625

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2015	Teknisk utval	PS	13.08.2015

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Teknisk utval - 006/2015

TU - behandling:

TU - vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjend

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ottar Myrtveit	FA - K47	15/623

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2015	Teknisk utval	PS	13.08.2015

Klage på vedtak i TU 28.05.2015 - Fagerdalen/Kringlebotnen

Vedlegg:

Vedtaksbrev – Hjortejakta 2014 – Tildeling av løyve
Klage på vedtak i Teknisk utval 28.05.2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fagerdalen/Kringlebotn vert tildelt **6 løyve** for 2015. Løyvet vert gjeve etter § 21 i hjorteviltforskrifta.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Frode Langhelle, valdansvarleg for vald - Fagerdalen/Kringelbotn klagar på vedtak i TU (Teknisk utval) den 28.05.2015.

Vurdering

Administrasjonen syner til klagen frå valdansvarleg Frode Langhelle og til møtet 06.07.2015, der heile saka vart gått gjennom og nye moment i saka kom fram. Ut frå dei opplysningar ein har pr dd bør kommunen tildela løyve til valdet Fagerdalen/Kringlebotnen, slik administrasjonen hadde framlegg om ved den ordinære tildelinga. Valdet vil då få 6 løyve som innstilt. Fordelinga innad i valdet følgjer jordskiftedomen.

Fakta

Det vart kalla inn til møte 6.7.2015 der valdansvarleg Frode Langhelle, viltansvarleg Ottar Myrtveit, John Torsvik og Ragnvald Tangedal, leiar og nestleiar i TU, møtte.

Valdleier blei i e-post av 28.05.2015 orientert om at Teknisk utval ikkje hadde tildelt løyve til Fagerdalen/Kringlebotn.

Tildeling for 2014 blei gjort med grunngjeving i at jordskifteretten hadde avklart bruksordninga (ref. sak 012/2014). Før tildelingsmøte i 2015 har det kome diverse e-postar om at her er usemje innad i valdet og ikkje alle jaktrettshavarar ville skrive under ny søknad om godkjenning av vald. Valdansvarleg Frode Langhelle har forespurt Miljødirektoratet, om det er behov for samtykke fra jaktrettighetstakere iht. forskriftene §11 siste ledd bokstav e. dersom jordskifteretten har avgjort en bruksordning.

Miljødirektoratet sier at dersom det foreligger en rettskraftig dom fra jordskifteretten så vil denne overstyre det som fremkommer i hjorteviltforskriften.

I et tilfelle som dette erstatter jordskiftedommen underskrift fra partene i dommen. Det er ikke nødvendig for kommune å innhente tillatelse fra parter i dommen som iht dom er pålagt å bidra med sitt areal inn i et valdsamarbeid.

Med bakgrunn i de som nevnt over, meiner ein at avslag om tildeling av hjorteløyve er gjort på feil grunnlag. Ein ber derfor om at saka vert behandla på nytt og at vald Kringlebotn/Fagerdalen tildeles løyve for 2015 iht praksis i kommunen.

Konklusjon

Sjå vedtak.

Teknisk utval - 007/2015

TU - behandling:

Leiar i Teknisk utval ynskte røysting på om han var habil til å behandle sak 2.

Utvalet røysta over dette. John Torsvik vart samrøystes kjend habil.

Det vart fremja følgjande felles framlegg til vedtak frå John Torsvik, Ragnvald Tangedal, Lillian Andvik, Willy Borge:

Klagen frå valdleiar for Fagerdalen/Kringlebotnen, Frode Langhelle, vert teken til følgje. Valdet vert tildelt 6 løyve for 2015 slik administrasjonen hadde framlegg om. Løyvet vert gjeve etter §21 i hjorteviltforskrifta.

Det vert vist til dom av 03-06.2014 i Nord- og Midthordland jordskifterett, der blant anna bruksordninga for dette valdet er avklart.

Røysting:

Fire røysta for og ein mot (Geir Egil Haugsvær).

TU - vedtak:

Klagen frå valdleiar for Fagerdalen/Kringlebotnen, Frode Langhelle, vert teken til følgje. Valdet vert tildelt 6 løyve for 2015 slik administrasjonen hadde framlegg om. Løyvet vert gjeve etter §21 i hjorteviltforskrifta.

Det vert vist til dom av 03-06.2014 i Nord- og Midthordland jordskifterett, der blant anna bruksordninga for dette valdet er avklart.

Rett utskrift av møteprotokoll frå møte i Teknisk utval den 13.08.2015 vert vitna:

**John Torsvik
utvalsleiar**